

Byggesteg 1 i Ospelunden klar for ferdigstilling.

04.07.2018



Kvinnherad Asfalt har arbeidet med asfalteringa i Ospelunden.

22 husvære i det som høyrer til byggdesteg 1 i Ospelunden, er klar for ferdigstilling. Det er asfaltering i denne veka, eit stort og omfattande oppdrag der det lokal byggefirma Kvinnherad Asfalt er tildelt arbeidet. Vest Asfalt er henta inn for å hjelpa til med legginga.

Klargjering for asfaltering tok til for to veker sidan, men fyrst i denne veka kom det båt med asfaltlast. Oddbjørn Kroka fortel til Uskedalen.no at det totalt vert asfaltert 5000 rutemeter. Det er alle vegar ut og inn i feltet og alle private tun. Det lokale firma Kvinnherad asfalt fekk oppdaget. Kroka er godt nøgd med at slike jobbar går til lokale firma.



[Det er henta inn hjelp frå Vest Asfalt for å få gjort denne jobben.](#)

Byggesteg 1 i Ospelunden er planlagt med 22 husvære/ buëiningar. Talet kan aukast til 24. Byggesteg 2 har eit langt høgare tal, heile 44 husvære. Kvinnherad kommune er klar for å overta drifta av den delen av byggefeltet som no er ferdig. Utbyggjar kan med dette samla innsatsen om klargjering og arbeidet med byggesteg 2, med vegar og tekniske installasjonar. Gravinga tek til seint på hausten.

Tekst/nett: Kristian Bringedal

Foto: Thor Inge Døsland



Asfalteringa gjeld heile 5000 kvadratmeter. Det omfattar alle vegar og private tun.